



Aurland, den 20.1.26

Til NVE,
Konsesjonsavdelinga

**UTTALE TIL TILLEGGSUTGREIING TIL REVISJONSDOKUMENTET FOR AURLANDSVASSDRAGET
– LANDBRU FOR VILLREIN – saksnr. 7535**

Aurland fjellstyre (org.nr.971363649) syner til mottaken tilleggsutgreiing og oppmoding frå NVE om å koma med innspel til denne. Me syner og til uttalen som fjellstyret sende den 19.2.24, der m.a. tiltak for villrein i konsesjonsrevisjonen var tema.

Aurland fjellstyre meiner Naturrestaurering AS har lagt fram ei grundig og god utgreiing av tiltaket «landbru over Kongshellersundet.» Hovudkonklusjonen – at dette vil vera eit nyttig tiltak for å betra trekkforholda og arealutnyttinga for villrein i eit område der svært mykje av den naturlege trekkdynamikken vart øydelagd for fleire tiår sidan – står seg godt. Viss ein skal peika på noko som ikkje er i samsvar med lokale erfaringar, må det vera tvilen som kjem fram i utgreiinga om kor sannsynleg det er at reinen vil ta ein slik overgang i bruk dei første åra etter etableringa. Her har me dokumentasjon som syner at i 1996, eit år med uvanleg stor nedtapping av magasinet, nytta store reinsflokkar dei turrlagde, gamle trekka frå nordsida til sørsida av magasinet, gjennom Vampen og over Kongshellerelvi. Her er eit utdrag frå ein oppsynsrapport (frå Laila Kvellestad) etter jakta det året: «*Jakta hausten -96 starta for meg i Vampen, Stemmerdalsfjella, Skorpa og Urevassområdet med ca. 400 dyr. Reinsdyra var i desse fjella heilt til søndag 25/8. Då reiste dei til Olja (Øljutangane), nokre tok til og med symjeknappen over frå Vampen til Olja. Dyra kryssa i år det gamle trekket mellom Vampen og Stemmerdalsfjella fleire gonger. Nyhellermagasinet var langt nede denne hausten.*»

Om det skulle ta nokre år før ein overgang vert teken i bruk, meiner fjellstyret at det er sannsynleg at dette før eller seinare vil skje, og at det etter den første passeringa truleg vil skje oftare. Slik vil områda i den såkalla «lesona» av magasinet – Stemmerdalsfjella - kunna bli teke i bruk att som leveområde for rein. Trekket over Geiteryggen ligg nær, og ein vil på denne måten få betra trekkmoglegheitene mellom nordre og søndre del (sone 1/sone 2) av villreinområdet. Me syner og til erfaring frå Viddalsdammen, der ein større flokk trekte over på damkrona i april 2020, 50 år etter bygginga av dammen. Tre år seinare skjedde det same på nytt. Denne dammen framstår mykje meir som eit framandelement i landskapet, samanlikna med ei landskapstilpassa, revegetert steinfylling over Kongshellersundet.

Hafslund Kraft AS trekkjer i sin merknad til utgreiinga fram som eit motargument mot etablering av ei landbru at turgåarar, jegerar og saueeigarar osv. vil nytta seg av denne, og såleis vera til hinder for at villreinen tek overgangen i bruk. Fjellstyret vil hevda at dette neppe vil vera noko stort problem; erfaringa vår tilseier at trafikken over fyllinga mot Vampen vil verta liten, kanskje 1-10 personar per veke i sommarsesongen (til samanlikning



har NINA berekna at ferdsla først utgjer ei hindring når ein kjem opp i 10-15 passeringar per dag).

Hafslund Kraft trekkjer og fram at ei fylling over Kongshellersundet vil utgjera ei sperre for båttrafikken innover til Kongshellervatnet, og såleis vil vera negativt for fiskarane. Dette kan fjellstyret, som forvaltar fiskeinteressene, vera samd i. Det er likevel slik at fjellstyret kan vera med på å «ofra» noko av tilgangen til fiske frå båt, dersom det er det som skal til for å få reetablert eit viktig reinstrekk. Å redusera båtferdsla på Kongshellervatnet kan vera positivt, sett frå villreinen sin ståstad.

Fjellstyret vil, dersom ei landbru vert etablert, vurdera innføring av ei jaktfri sone i nærområda til denne (t.d. i Vampen), for å auka sjansane for at reinsdyra tek overgangen i bruk. Dette er noko som fjellstyret har vore inne på tidlegare når spørsmålet har vore drøfta – heilt attende til 1980-talet.

Eit anna moment som Hafslund Kraft trekkjer fram i merknaden sin, er plasseringa av Kongshellerhytta og trafikken på turistløypa som passerer denne. At dette er noko som har hatt stor innverknad på villreintrekket, er det liten tvil om. Likevel er dette tilhøve som det no vert arbeidd godt med for å få endra - ikkje minst gjennom tiltaksplanen for Nordfjella villreinområde som er under arbeid. Fjellstyret meiner at regulanten må ta ansvar for dei ulempene som utbygginga har skuld i. Så får andre aktørar gjera sitt på kvar sine område.

Hafslund Kraft trekkjer og fram at reinsdyra kan trekkja fritt over islagt magasin mykje av året, og at det i lange periodar vinter/vår er nedtappa så mykje at Kongshellersundet er turrlagt. Her vil fjellstyret visa til at det er ein kjensgjerning at reinsdyra ofte er skeptiske til å kryssa islagde, regulerte magasin. Det vert tydeleg dokumentert gjennom NINA sitt merkeprogram *dyreposisjoner.no*. Ein grunn til dette kan vera at ein ofte finn store sprekker i isen i reguleringssona langs land. Dette vart dokumentert i materiale som vart lagt fram i erstatningsskjønnet etter Aurlandsutbygginga (Indre Sogn Herredsrett: Sak 14/1988 B). Kopi av biletdokumentasjonen som låg ved rapporten frå dei viltsakkunnige Arne Gabrielsen og Eldar Gaare ligg ved denne uttalen.

Til slutt vil fjellstyret syna til det som er skrive om mogleg effekt av ei fylling over Kongshellersundet på sidene 64-68 i rapporten «Nordfjella villreinområde – Aurlandsreguleringens innvirkning på på villreinenens habitatbruk og skader på jakten» (P. A. Knudsen 1989). Skanna kopi av rapporten ligg ved. Fjellstyret ber om at denne vert lagd ut på NVE si nettside for revisjonssaka, saman med uttalen.

Helsing Aurland fjellstyre

Erling Nesbø
leiar

Harald Skjerdal
sekretær